

Den eldste busetnaden i Jostedalen

Prosjektplan 2005

Bakgrunn

Jostedal Historielag og Jostedal Bygdelaag gjekk i mars 2003 i gang med prosjektet "Den eldste busetnaden i Jostedalen. Registrering og formidling av fornminne". Ei projektskildding vart utarbeidd (fyrste versjon dagsett 1.4.2003) og er seinare oppdatert fire gonger med små endringar.

Denne prosjektplanen er heilt omarbeidd, dels på bakgrunn av det arbeidet som er gjort dei siste to åra, og dels på bakgrunn av dei økonomiske realitetane. Dokumentet inneheld såleis både ei oppsummering av kva som har skjedd så langt og ein plan for det vidare arbeidet. Når det gjeld utdjuping av målsetjingane og problemstillingane, motivasjon for prosjektet, den historiske kjeldesituasjonen og arkeologisk metode, blir det vist til projektskilddinga.

Målsetjingar og problemstillingar

Hovudmåla for prosjektet er å

- finne ut når Jostedalen vart busett av menneske, ikkje berre sauer, og då helst bønder og fast jordbruksbusetnad
- formidle resultatata til bygdefolk, turistar og fagmiljø gjennom eit mangfald av verkemiddel

Medan segna om Jostedalsrypa har gjort den gamle busetnaden i dalen kjend i vide krinsar gjennom 100 år, har me så godt som ingen sikker kunnskap om busetnaden før Svartedauden, øydetida og nykoloniseringa sist på 1500-talet. Jostedalen er berre nemnd i tre skriftlege kjelder før kring 1600.

I ein vidare samanheng går prosjektet inn i det aktive bygdeutviklingsarbeidet som er drive i Jostedalen gjennom ei årrekke. Den lokale motivasjonen for prosjektet har dels botna i eit ynske om å styrkje kjennskapen til historia til bygda lokalt, ikkje minst som lekk i identitets- og trivselsskaping. Dels har ynsket òg vore å styrkje grunnlaget for kulturbasert reiseliv og næringsutvikling i ei bygd der det elles er naturen som har stått i fokus.

Eit viktig tilleggsmål har elles vore å auke interessa for Jostedalen i dei humanistiske forskingsmiljøa etter at dei naturvitskaplege forskingsmiljøa (særleg geologi, glasiologi, botanikk) lenge har interessert seg for området. Ein viktig grunn til at prosjektet kom i gang, var at særleg det arkeologiske fagmiljøet fekk augo opp for at Jostedalen kan vera eit interessant "laboratorium" som kan kaste ljøs over busetnadshistoria til heile Vestlandet.

Etter kvart har ei det òg vorte eit tilleggsmål med prosjektet å hauste røymsler med å initiere, organisere og gjennomføre eit større arkeologisk feltarbeid 'nedanfrå' etter positivt initiativ frå lokalsamfunnet, og ikkje 'ovanfrå' etter negativt pålegg frå storsamfunnet slik det er vanleg. Det har etter kvart gått opp for oss at kulturminneforvaltninga var lite budd på dette, og me trur røymslene med prosjektet både er til nytte for kulturminneforvaltninga allment, og for Jostedalen og Luster kommune i den omfattande prosessen med vern av Breheimen/Mørkrisdalen som bygda no står overfor. Konflikatar mellom lokal bruk og statleg vern er ei høgaktuell problemstilling både i natur- og kulturminnevernet.

Dei arkeologiske registreringane – status og planar

Den sikraste måten å datere gamal jordbruksbusetnad på, er å ta prøver at det ein reknar med er det eldste dyrkingslaget på ein gard og datere kolprøva med C14-metoden. Der det har vore åkerdyrking, reknar ein òg med at det har vore fast busetnad. Dette er ein velbrukt metode innanfor gardsarkeologi.

Intensjonen med prosjektet er å ta dateringsprøver og helst pollensøyler på alle dei 25 gamle namnegardane i Jostedalen. Alderen på ein gard har i seg sjølv interesse for dei som bur der i dag. For arkeologane vil dessutan eit så breitt kjeldegrunnlag danne eit unikt grunnlag for analysar av busetnadsutvikling, jordbruksutvikling og eigarstruktur.

Arkeologane Gunhild Berge Stang og Bård Gram Økland var på synfaring i oktober 2003. Då vart aktuelle punkt (ca. 200) på alle gardar registrerte og kartfesta (GPS).

Hovuddelen av feltarbeidet i 2004 vart gjennomført på tre veker i mai-juni. Sju masterstudentar i arkeologi (UiB) var med Stang/Økland i denne perioden attåt lokalt dugnadsmannskap. To av studentane er i gang med masteroppgåver i arkeologi frå Jostedalen (Anne Mette Haugen om vegar og kommunikasjon i Jostedalen, og Ann Katrine Sivertsen om jordbruk og busetnadsutvikling på gardane Kruna og Nedrelid). Det var nye rundar med feltarbeid ei langhelg i august (fem arkeologar) og ei veke i oktober (to arkeologar). Så langt er fem gardar gjorde unna. Kruna og Nedrelid vart dekte grundig med opptil 10 sjakter kvar, medan gardane Espe, Åsen og Bergset vart dekte med 2-4 sjakter. I tillegg er det teke ein del prøver langs gamle ferdsleveggar. Totalt vart det grave kring 50 sjakter og teke fleire kolprøver og pollenprøver per sjakt.

Ein fann mange stader djupe kulturlag og fine strukturar som gav godt grunnlag for å kunne ta både kol- og pollenprøver. Det viste seg raskt at det ligg svært godt til rette for denne typen registreringar i Jostedalen, særleg fordi det har vore så lite maskindyrking på dei eldste åkrane.

Alle prøver og all dokumentasjon er teke hand om av Arkeologisk institutt i Bergen. Prosessen med å få analysert prøvene er i gang og vil liggje føre om nokre månader. Det er venta at resultatane av dei prøvene som no vert daterte, eit stykke på veg vil kunne gje svar på problemstillingane som gjeld bygda som heilskap. Tilfredsstillande er det likevel ikkje, av to grunnar. For det fyrste har det så langt ikkje vore økonomi i prosjektet til å analysere pollenprøver og heller ikkje alle dateringsprøver. Det er såleis meir å hente ut av dei prøvene som alt er tekne. For det andre er ikkje fem gardar nok for å få sikre svar på problemstillingane som gjeld heile bygda.

Difor er det planlagt å halde fram med feltarbeidet til flest mogleg, og helst alle, gardar er dekte. Det vil ein oppnå ved å få gjort utgravingar på 10 gardar i 2005 og dei 10 siste i 2006. Med 2-4 sjakter per gard vil det bli inntil 40 sjakter årleg, som er mindre enn arbeidet som vart gjort i 2004. Med same ressursinnsats for kvart av åra som for 2004, vil me såleis kome i mål og dessutan ha rom for å få analysert fleire prøver (kol/pollen) enn til no.

Dersom det *ikkje* lukkast å få finansiert feltarbeid i 2005, vil det neppe bli gjort freistnader på å ta opp att arbeidet i 2006-2007, og prosjektet vil bli avslutta på grunnlag av det arbeidet som er gjort (jf. kapitlet om økonomi nedanfor). Ein stor styrke med prosjektet så langt har vore den jamne framdrifta, og det vil vere uheldig med ein pause på 1-2 år før hovuddelen av formidlingsarbeidet kan ta til.

Ein formell føresetnad for å halde fram med feltarbeidet er at Riksantikvaren forlengjer dispensasjonen frå kulturminnelova som i utgangspunktet berre vart gjeve for 2004.

Formidling

Segna om Jostedalsrypa er brukt aktivt i den meir populære formidlinga av prosjektet. Så lenge det ikkje ligg føre endelege resultat og analysar, er det ikkje grunnlag for større publikasjonar om prosjektet. Formidlinga har difor til no fyrst og fremst gått gjennom media. Ein kjærkomen innfallsvinkel har vore segna om Jostedalsrypa.

Nettstad: Jostedal Historielag har hatt eigen nettstad sidan november 2002 (www.historielaget.jostedal.no). Her blir det jamleg lagt ut informasjon om prosjektet og kjelder til den eldste historia til Jostedalen. Nettstaden vil bli særleg viktig når det tek til å liggja føre resultat frå prosjektet. Her har ein sjansen til å presentere både oppdatert informasjon og ikkje minst bakgrunnsstoff som høver dårleg i populære publikasjonar og elles berre er å finna i vitskaplege skrifter med svært avgrensa spreing.

Media: (jf. peikarar på nettsida til prosjektet):

- Radio: reportasje/intervju på NRK Sogn og Fjordane 2.4.2003, 30.7.2003 og 2.6.2004.
- Fjernsyn: innslag om feltarbeidet på NRK Vestlandsrevyen 2.6.2004; TV 2-nyhenda 8.6.2004, der prosjektet vart kopla til ei sak om at britiske prins William var på vitjing i Jostedalen (!).
- Sogn Avis: større oppslag 17.2.2004 og 16.6.2004.
- Bergens Tidende: kronikk av Økland og Stang om prosjektet 17.4.2004.

Møte/seminar:

- Bygdelaget og Historielaget har hatt fleire møte i Jostedalen dei siste to åra der informasjon om prosjektet har stått sentralt – totalt kan det dreie seg om 100-150 tilhøyrarar.
- På eit føredrag om prosjektet som Bård Gram Økland heldt på Bryggens Museum i Bergen 1.11.2004, kom det heile 180 tilhøyrarar (dei fleste betalande).

Skule: Jostedal skule (steg 1-7) har hatt prosjektarbeid om arkeologi. Dei eldste elevane var med ein dag på feltarbeid og skreiv mellom anna stoff om prosjektet til Jostedal skule- og bygdeavis 2004.

Både den akademiske og folkelege interessa, både i og utanfor Jostedalen, har til no vore overraskande stor og positiv, jamvel om me så langt ikkje har brukt ressursar på formidlingsarbeidet. Dette har styrkt oss i trua på at formidlingssida av prosjektet har eit stort potensial når me har ny og spanande kunnskap å leggje fram.

Det mest aktuelle i 2005 før prosjektet er avslutta, er å bruke dei kanalane som er nytta så langt.

Andre aktuelle tiltak framover (særleg i 2006-2007) attåt dei som alt er nemnde, vil vere:

- Fjernsynsproduksjon: NRK vil bli følgt opp tett framover, ikkje minst med tanke på at skal sitje på opptak frå heile prosessen som seinare kan nyttast i ein eventuell dokumentarproduksjon. NRK Sogn og Fjordane har så langt vist stor interesse og sjølv gjeve uttrykk for at dei ynskje å ha opptak i arkivet til seinare bruk.
- Blad/tidsskrift i kultursektoren er aktuelle for å presentere fyldigare populært stoff frå prosjektet enn ein kan gjere gjennom aviser/etermedia. Me har alt ein avtale med magasinet *Kulturarven* om å levere to artiklar, både om prosessen og resultatata.
- Hovudpublikasjonen frå prosjektet bør vere ei populært innretta og rikt illustrert fagbok der resultatata blir knytte til ei samla framstilling av den eldste busetnadssoga til Jostedalen. Historielaget god kompetanse på bokutgjevingar i eigne rekkjer, men det kan òg vere aktuelt å prøve å få til ein avtale med eit forlag. (Prosjektet er alt lufta uformelt med eit av dei to forlaga i fylket, med svært positive tilbakemeldingar.)
- Ein vitskapleg artikkel og eventuelt ein rapport med forskingsresultata skal òg bli publisert.

- Den populære og tradisjonsrike årboka gjennom 27 år, "Jostedal skule- og bygdeavis", blir brukt aktivt for å halde lokalsamfunnet orientert. Utgåvene både for 2003 og 2004 har hatt fyldige omtaler av prosjektet.
- Det bør haldast eit lokalhistorisk seminar i Jostedalen der resultatane frå prosjektet vert presenterte, og der faglege kapasitetar blir innbedne som kommentatorar og deltakarar. Seminaret bør primært vere retta mot bygdefolk, men bør òg ha ei slik form at det kan interessere fag- og lekfolk utanbygds og skape interesse for historia til Jostedalen i vidare faghistoriske miljø. Når analysane frå prøvene ligg føre, vil me vurdere om det er grunnlag for eit seminar i 2005 eller om det er betre å vente. Me har budsjettert med eit lite seminar for å vere på den sikre sida.
- Breheimsenteret har vist stor interesse for å presentere resultatane gjennom ein revisjon av dei permanente utstillingane i senteret. Senteret har alt lagt planar for ein ny permanent utstillingsseksjon om Jostedalsrypa, og dette vil bli aktualisert gjennom eit slikt prosjekt.
- Det har vore kontakt med Bryggens Museum i Bergen, som har signalisert stor interesse for å lage ei utstilling knytt til prosjektet, helst i samarbeid med Breheimsenteret.
- De Heibergske Samlinger (Sogn folkemuseum) har sagt seg interessert i å lage ei utstilling, kanskje ei vandretstilling, om prosjektet, og å utvikle eit arkeologisk metodeopplegg retta mot skuleelevar med utgangspunkt i prosjektet. Institusjonen driv i dag eit godt og aktivt formidlingsarbeid retta mot born og unge.
- Skilting, tilrettelegging av kulturstiar i gammalt kulturlandskap m.m. i samarbeid med grunneigarane. Ein ny natur-/kultursti i Jostedalen vil stå ferdig våren 2005 (området Breheimsenteret-Nigardsbreen).
- Utarbeiding av historiebaserte formidlingsopplegg til bruk gards-/bygdeturismen som er under etablering.

Organisering, samarbeidspartnarar og nettverk

"Den eldste busetnaden i Jostedalen" er organisert som eit prosjekt med separat økonomi og styringsgruppe, men er ikkje formelt skilt ut som eigen organisasjon. Jostedal Historielag og Jostedal Bygdelaag er 'prosjekteigarar' og administrativt ansvarlege for prosjektet. Dei to laga sette i 2003 ned ei styringsgruppe for prosjektet (Oddmund L. Hoel, prosjektleiar, Peder Kjærvik, som òg er dagleg leiar på Breheimsenteret, og Stein Jarle Fossen).

Prosjektet vart utforma i samarbeid med Arkeologisk institutt, Universitetet i Bergen, som er fagleg ansvarleg institusjon. Arkeologane Gunhild Berge Stang og Bård Gram Økland er formelt engasjerte av Jostedal Historielag, men har nære band til AI. AI har òg sytt for å hente inn løyve til feltarbeidet frå Riksantikvaren og syter for den faglege kvalitetssikringa, ikkje minst av masterstudentane som er knytte til prosjektet. Rettleiar er professor Ingvild Øye, ein av Noregs fremste mellomalderarkeologar og sentral i Vestlandsgardprosjektet.

Våren 2004 skipa historielaget og bygdelaaget ei fagleg referansegruppe som har hatt eitt møte, på Breheimsenteret 25.5.2004 i samband med oppstarten av feltarbeidet. Mellom dei ca. 20 deltakarane var representantar frå Luster kommune (naturforvaltar Christian Hillmann), Høgskulen i Sogn og Fjordane (Leif Hauge, kulturlandskap), Arkeologisk institutt UiB (professor Ingvild Øye), Nordisk institutt UiB (førsteamanuensis Ole-Jørgen Johannessen), Vestlandsforskning (forskar Carlo Aall), Sogn Folkemuseum - De heibergske samlinger (direktør Aage Engesæter) og Jostedal skule (rektor Asbjørg Ormberg). Referansegruppa har mest karakter av å vere eit nettverk som har sagt seg viljug til å bli kalla saman når prosjektet har behov for det og elles vere ressurspersonar som står til disposisjon. Det er aktuelt å kalle saman referansegruppa att i samband med feltarbeidet sommaren 2005.

Prosjektet har dessutan hatt kontakt med Kulturavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune, Landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Riksantikvaren.

Undervegs har det kome til eit interessant tilleggsprosjekt innanfor namnegransking. Då Ole-Jørgen Johannessen ved Nordisk institutt, UiB, fekk høyre om prosjektet, tok han initiativ til å få digitalisert ei stor og unik stadnamnsamling frå Jostedalen nedskriven sist i 1950-åra. Hå Jostedal Historielag er dette no ein del av Stadnamnprosjektet, som dei tre historielaga i kommunen driv i lag. Reinskrivings- og digitaliseringsarbeidet er i gang som eit spleiselag mellom Nordisk institutt, Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane og Jostedal Historielag, og samlinga vil bli tilgjengeleg på Internett i løpet av 2005. Johannessen vil nytte resultat frå arkeologiprojektet i sitt eige arbeid med å tolke og datere stadnamna.

Eit anna og noko uventa fagleg samarbeid vart etablert mellom arkeologiprojektet og prosjektet "*Holocene climate variability in Norway. Effects on nature and society in the past, present and future (HolClim)*", som klimasenteret ved Universitetet i Bergen og Vestlandsforskning står bak. Eit av føremåla er å granske verknadene av klimaendringar på jordbruk og busetnad. Prosjektet vårt var viktig for at Jostedalen vart valt som ei av 'case'-bygdene. For arkeologiprojektet vil det særleg kunne føre til at me får analysert langt fleire pollenprøver. Søknaden til Noregs forskingsråd i juni 2004 slo ikkje til, og prosjektet er avhengig av tung forskingsrådsfinansiering for å kome i gang. (Vår kontaktperson: Carlo Aall, Vestlandsforskning.)

Arbeidet med prosjektet har bydd på eit interessant møte med kulturminneforvaltninga. Når det galdt den naudsynte dispensasjonen frå kulturminnelova for å gjere inngrep i automatisk freda kulturminne, fall brikkene raskt på plass. Etter kontakt mellom prosjektleiinga, Riksantikvaren, Arkeologisk institutt i Bergen og Sogn og Fjordane fylkeskommune, vart det i desember 2003 avklart at Arkeologisk institutt og ikkje fylkeskommunen skulle stå som fagleg ansvarleg for prosjektet og søknaden til Riksantikvaren. Alle instansar i denne prosessen var svært positive, ikkje minst til at initiativet kom frå lokale krefter.

Uhøvelege finansieringsordningar

Større problem har det vore med finansieringa. Når prosjektet har kome så langt som det har gjort, er det takk vere raus støtte frå Luster kommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Frå 2003 til i dag har kommunen samla gått inn med kr 45 000 (SMIL-ordninga og kulturminnevern) medan fylkesmannen til saman har løyvt kr 105 000 (bygdeutviklingsmidlar).

Norsk kulturminnefond vart søkt i dei to fyrste utdelingsrundane (hausten 2003 og våren 2004), og både resulterte i avslag utan grunngjeving. Retningslinene for fondet nemner "arkeologiske utgravningar" som tiltak som "normalt ikkje (kan) omsøkes fra fondet", og ingen prosjekt av denne typen ser ut til å ha fått støtte. Avslag vart det òg på søknaden om tilskot til kulturminnevern til Sogn og Fjordane fylkeskommune våren 2004. Også her er arkeologiske utgravningar/registreringar på sida av hovudføremålet med stønadsordninga, men ikkje utanfor slik me både tolka møtet med kulturavdelinga i november 2003 og seinare kontakt.

Riksantikvaren er ikkje søkt etter at uformell kontakt bar bod om at det ikkje var noko å hente. Det same gjeld Norsk kulturråd (Norsk kulturfond), men her er det aktuelt å søkje om midlar til formidlingstiltak når den tid kjem.

Det har vore temmeleg klårt for oss at det ikkje eksisterer stønadsordningar innanfor kulturminneforvaltninga som tek høgde for at lokale krefter skal kome på den ideen at dei skal setje i gang med arkeologiske utgravningar sjølve. Det er fyrst og fremst ei vid og velvillig tolking av støtteordningane som har gjort at kommunen og fylkesmannen har funne midlar innanfor sine stønadsordningar. Fylkesmannen har sjølv drege fram som eit viktig moment for tildelingane at Jostedal Bygdelag var/er med i Bygdeutviklingsprogrammet og Naturbruksprosjektet. Fylkesmannen skriv at "vi har merka oss at så langt er det berre Luster kommune og fylkesmannen ved landbruksavdelinga som har følgd opp rosande ord med midlar til prosjektet.

Ein føresetnad for eventuell vidare støtte med tilskot frå BU-midlane må derfor vera at også andre aktuelle finansieringsinstitusjonar går inn med tilskot." (brev til Jostedal Bygdelaag 26.5.2004).

Kostnadseffektiv arkeologi

Stønadsordningane legg såleis opp til at arkeologiske utgravingar framleis i all hovudsak skal vere tvungen forvaltningsgraving i samband med utbyggingsprosjekt, attåt noko forskingsgraving i regi av universiteta. I andre delar av kultursektoren har friviljug arbeid og initiativ nedanfrå derimot ein viktig og til dels dominerande posisjon, men innanfor arkeologi er det fråverande, noko som gjer at ein får langt mindre att for pengane enn ein kunne gjort.

Som friviljuge organisasjonar i allianse med eit institutt som er fagleg svært interessert i prosjektet, har det vore mogleg for oss å mobilisere ein monaleg dugnads- og lågkostinnsats. For å illustrere dette har me sett opp ei jamføring mellom våre kostnader og kva prosjektet ville ha kosta om td. Luster kommune skulle ha betalt Bergen Museum for å få utført det same arbeidet.

Totalt vart det lagt ned kring 980 registrerte dugnadstimar i prosjektet i 2003 og 2004, av dette det aller meste i 2004. Feltarbeidet til arkeologane (studentane) utgjer i overkant av 90 dagsverk. I tillegg har Stang/Økland lagt ned totalt 30 løna dagsverk i feltarbeid.

Prosjektkostnader 2004 – samanlikning av reelle kostnader ved prosjektet og det eit offentleg prosjekt hadde kosta

	Våre kostnader	Off. satsar (1)	Grunnlag
Reiser, kost, losji	27 269	142 000	90 døgn kost/losji (1160 kr) + 20 reiser t/r Jostedalen å kr 1500 (lågt)
Utstyr/maskinleige	11 580	30 000	50 timar, minigravar + 10 timar transport
Løn/honorar	21 229	400 000	120 arkeologdagsverk feltarbeid (2)
Administrative utgifter/utstyr	4 249	0	
SUM	64 326	572 000	

Merknader:

1) Døgn/dagsverk tilsvarar det me har registrert på prosjektet. Andre kostnader, som utstyr/maskinleige er truleg underbudsjettert.

2) Me la ned 120 arkeologdagsverk i feltarbeidet og har stipulert at 30 dagar ville vore ein forskingsleiar (pris månadsverk kr 79 000) og 90 dagar ville vore assistentar som ikkje er ferdigutdanna (pris vekeverk kr 11 400). Dette inkluderer løn, sos.kostn, forsikring og dekningsbidrag (60 %), og me har lagt til MVA. Hadde det vorte definert som eit forskingsprosjekt, ville dekningsbidraget ha vorte redusert til 20 % og det hadde ikkje vore MVA-pliktig. Satsane inkluderer administrativt for- og etterarbeid, så det blir berre fakturert arbeidstid for feltarbeidet. Satsane er Bergen Museum sine (tlf 1.3.2005).

I tillegg kjem skilnaden i kostnader for å få analysert prøvene. Våre prøver blir analyserte til student-/forskingspris, som er langt lågare enn kommersielle prisar. For vårt prosjekt kan dette vere snakk om ein skilnad på 100-150 000 kr.

Me minner òg om at "Den eldste busetnaden i Jostededalen" med kring 50 sjakter i 2004 alt er eit stort prosjekt. Til samanlikning hadde det kjende Vestlandsgard-prosjektet kring 100 sjakter totalt på gardane som vart granska.

Konklusjon: Alt i alt har me gjennomført prosjektet så langt til ein stad mellom 10 og 20 prosent av normal oppdragspris.

Budsjett 2005

Inntekter

Overført frå 2004		20 000
Tilskot, innvilga 2004 (Luster komm., Fylkesm.)	1)	65 000
Eigenfinansiering, bygdelaget og historielaget		20 000
Tilskot, Sogn og Fjordane fylkeskommune		100 000
Tilskot, Luster kommune		15 000
Tilskot, Fylkesmannen		15 000
Ymse inntekter	2)	10 000
Eigeninnsats	3)	100 000
SUM inntekter		345 000

Utgifter

Analyse av prøver uttekne 2004	4)	55 000
Analyse av nye prøver	5)	90 000
Maskinleige, feltarbeid 2005		15 000
Reise, kost, losji		30 000
Løn, arkeologar	6)	40 000
Dugnadsarbeid	3)	100 000
Ymse adm.utgifter/utstyr		5 000
Fagseminar		10 000
SUM utgifter		345 000

1) Dette er dei delane av innvilga tilskot frå Luster kommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane som ikkje var utbetalte per 31.12.2004.

2) Dette gjeld mellom anna Norsk Kulturarv, som i 2004 gav tilsegn om å betale kr 6000 for to artiklar i magasinet Kulturarven.

3) Gjeld dugnadsinnsats av arkeologistudentar og lokalt mannskap. I 2004 vart det lagt ned kring 700 dugnadstimar i feltarbeidet. For 2005 er det budsjettert med 500 timar. Verdien er rekna til kr 200 per time, slik Norsk kulturminnefond har slege fast i samråd med dei friviljuge kulturminneorganisasjonane.

4) Det er gjeve bindande tilsegn til Arkeologisk institutt om at dei kan disponere denne summen til analysar av prøver.

5) Det er budsjettert med å få analysert prøver som skal takast i 2005 attåt nokre av dei prøvene frå 2004 som måtte vente av økonomiske grunnar. I tillegg er det lagt inn analyse av pollenprøver frå båe åra. Me har vore i kontakt med ein biolog som har sagt seg viljug til å gjere dette til ein overkomeleg kostnad.

6) Bård Gram Økland og Gunhild Berge Stang arbeidde delvis på dugnad i 2004. Det er budsjettert med at dei skal få løn (låg) for tida dei brukar på prosjektet.

Rekneskap for 2003 og 2004 følgjer som vedlegg.

Framdrift

2005: Feltarbeid

2006: Feltarbeid (siste del)

H-2006-2007: Formidling

Eit hovudprinsipp for arbeidet så langt, har vore at det ikkje skal setjast i gang meir arbeid enn det er inntektsdekning for. Dette prinsippet vil bli følgt strengt vidare, så feltarbeidet og omfanget av prøveanalysane vil også i 2005 bli tilpassa økonomien i prosjektet. Skulle søknadene for 2005

hovudsakleg resultere i avslag, vil midla som står att og eventuelt kjem inn bli omdisponerte til formidlingstiltak, og prosjektet vil avslutta utan ytterlegare feltarbeid. I så fall kjem den aktive formidlingsfasen haust-2005-2006.

Jostedalen, 1. mars 2005

Oddmund L. Hoel
prosjektansvarleg

Vedlegg: Prosjektrekneskap 2004